



Til Helse- og omsorgsdepartementet

Oslo, 17.01.2011

**HØYRINGSSVAR – FORSLAG TIL NY FOLKEHELSELOV – dykkar ref. 201003835/RAGS**

Frivillighet Norge er eit samarbeidsforum for frivillige organisasjonar. Frivillighet Norge har meir enn 250 organisasjonar frå alle delar av frivillig sektor som medlemmer. Dei representerer til saman over 50.000 lag og foreiningar over heile landet.

Vi syner til høyringsbrev fra Helse- og omsorgsdepartementet datert 18. oktober 2010. Frivillighet Norge har følgjande kommentar til høyringsbrevet:

**Innleiing**

Frivillighet Norge har ikkje innvendingar til at ansvaret for folkehelsearbeid leggst til kommunen. Vi er positive til at kommunen må fokusere på alle sektorar, ikkje berre helsesektoren, i arbeidet med å fremje folkehelse. Frivillighet Norge vil samstundes peike på at desse endringane må vere baserte på føresetnaden om at lokalt folkehelsearbeid også inkluderer frivillig sektor i kommunane.

Vi ønskjer også å understreke at dei ideelle organisasjonane har ei viktig rolle i gjennomføringa av samhandlingsreforma utover delen som gjeld folkehelse. Dette gjeld til dømes tydelegare arbeidsdeling og eit bedre samspel mellom nivåa i helsetenesta.

**Manglande samsvar mellom høyringsnotat og lovtekst**

I høyringsnotatet, kapittel 5.4.5, registrerer vi at departementet verdset frivillige organisasjonars viktige rolle i folkehelsearbeidet. Vi merker oss at departementet ikkje utelukkande syner til frivillige organisasjonars tilbod og tenester, men også nemner eigenverdien frivillig engasjement gjev dei involverte. Vidare er vi glade for at departementet ser eit stort potensial i at det offentlege allierer seg med frivillige organisasjonar når folkehelsearbeidet skal planleggast og gjennomførast. Frivillighet Norge er difor forbausa over at dette ikkje er mulig å lese ut av forslaget til lovtekst. Det er dårleg samsvar mellom høyringsnotatet og utkastet til sjølve lovteksta på dette punktet. I sistnemnde, som vi oppfattar som kommunen sitt sentrale verktøy i arbeidet med å fremje folkehelse, blir samhandling mellom kommunen og frivillige organisasjonar berre referert til med ei einskild setning under kapittel 2, §4.

Lova må i større grad fremje myndigheitene sitt samarbeid med frivillige organisasjonar som ressurs i dette folkehelsearbeidet.



## Forslag til endring av lovtekst

Frivillighet Norge foreslår at følgende tekst vert lagt til § 4:

*”Kommunene må også drive aktiv folkehelsebygging gjennom stimulering av lokal frivillighet”*

### **Kva for prinsipp skal gjelde for samhandlinga mellom offentlig og frivillig sektor på folkehelseområdet?**

Likeleis, når departementet understrekar det store potensialet som ligg i samarbeid med frivillig sektor, synest vi det er slående kor lite som blir sagt om *korleis* denne samhandlinga mellom dei to sektorane bør gå føre seg. Omgrep som ”tverrsektorielt samarbeid”, ”partnerskapsavtaler” og ”dialogarenaer” blir nemnde, men vi saknar ei nærmare utdjuing av kva for prinsipp som skal gjelde for samhandlinga mellom frivillig og offentleg sektor på desse arenaene.

### **Samhandling mellom offentleg og frivillig sektor på folkehelsefeltet – konkrete innspel og tilrådingar**

- Frivillighet Norge oppfordrar departementet til å gjere kommunane merksame på at frivillige organisasjonar er sentrale aktørar i det lokale folkehelsearbeidet, og at på dei sit på mykje relevant informasjon og kompetanse på dette feltet. Deltaking i frivillige organisasjonar har stor betydning for den generelle folkehelsestilstanden. Det gjev eigenverdi ved at den styrker den einkilde si sjølvskjensle, sosiale kompetanse, organisasjonskompetanse og handlingskompetanse. Det er meningsfullt for samfunnsborgarar å kunne gje, glede andre, få noko tilbake og øve innflytnad. Dette bidrar utan tvil til betre folkehelse i befolkninga.
- Frivillighet Norge og KS har laga ei samarbeidsplattform som inneheld prinsippa som må gjelde for samhandling mellom frivillig (representert ved Frivillighet Norge) og kommunal sektor (representert ved KS). Avtala er vedlagt dette brevet. Staten bør oppmode kommunane til å etablere tilsvarende verktøy på lokalt nivå.
- Samarbeidsplattforma mellom Frivillighet Norge og KS inkluderer også samhandlinga mellom det offentlege og ideelle organisasjonars verksemd og institusjonar. Frivillighet Norge understreker behovet for at myndigheitene tar særskilde omsyn til deira vilkår, jamfør vårt skriftlege innspel om samfunnskontrakt til Stortingets Helse- og omsorgskomite datert 26.04.10.
- I samarbeidet om å fremje folkehelse bør kommunen og lokale frivillige organisasjonar danne ein medviten og heilskapleg frivilligpolitikk. Kommunane bør oppfordrast til å ta i bruk KS sin vegleiar *Sammen om det gode liv – en veileder for utvikling av lokal frivillighetspolitikk*. Vegleiareren foreslår korleis partane kan systematisere samarbeidet og kva for verkemiddel kommunen bør bruke for å legge til rette for frivillig aktivitet.
- Inngåing av meir forpliktande partnerskap mellom frivillig og offentleg sektor. Desse partnerskapsavtalene må ha som føresetnad at partane er likeverdige, og at ein er tydeleg på



FRIVILLIGHETNORGE

at frivillige organisasjonar ikkje blir sett til å løyse oppgåver som ligg under det offentlege sitt ansvar.

- Departementet bør også ta omsyn til og dra lærdom av dei gode eksempla som allereie finnast på samarbeid mellom kommunen og lokale frivillige organisasjonar på folkehelsefeltet. Vi oppfordrar difor departementet til å samle inn gode eksempel. Frivillighet Norge stiller oss positive til å hjelpe til i dette arbeidet.
- Frivillighet Norge oppfordrar departementet til å gjere kommunane merksame på korleis dei kan nytte seg av Frivillighetsregisteret som eit nyttig verktøy i samhandlinga med lokale frivillige organisasjonar. Dersom både offentleg og frivillig sektor bruker registeret aktivt, kan dette forenkle dialogen mellom dei to sektorane og for utvikling av ein heilskapleg frivilligpolitikk.
- Frivillighet Norge foreslår at departementet oppfordrar kommunane til å arrangere eit årleg ope møte der kommunen og det lokale organisasjonslivet kan gå saman og diskutere tema knytt til lokalt folkehelsearbeid. Departementet bør også oppfordre kommunane til å medverke aktivt til etablering og styrking av helsefremjande møteplassar i lokalsamfunn og nærmiljø.
- For å sikre best mogleg føresetnader for eit gjensidig og likeverdig samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor, seier Frivillighet Norge seg villig til å gje kommunale folkehelsekoordinatorar informasjon om og opplæring i korleis frivillig sektor er bygd opp, og om prinsippa for samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor på lokalt plan. Stillinga som folkehelsekoordinator bør vere ei fulltidsstilling som er besett av ein person med brei folkehelsekompetanse. Koordinering av samarbeid med frivillige organisasjonar på folkehelsefeltet bør vere ei tydeleg definert oppgåve i denne stillinga.

Med venleg helsing

Birgitte Brekke  
Generalsekretær

Oddveig Nygård  
Rådgjevar



## Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor

### o Formål

Dette dokumentet skal være en plattform for samspill og samarbeid om utvikling av frivillighetspolitikken mellom frivillig (representert ved Frivillighet Norge) og kommunal sektor (representert ved KS). Plattformen er etablert i samarbeid mellom likeverdige parter; frivilligheten og kommunesektoren, og videre dialog mellom partene bør baseres på denne plattformen.

Plattformen er et uttrykk for ønsket om bedre samhandling mellom sektorene for å støtte og tilrettelegge for den omfattende og viktige aktiviteten i frivillig sektor. Plattformen fastsetter prinsipper og handlinger for å styrke relasjonen mellom offentlig og frivillig sektor i Norge. Partene har en felles intensjon om å bevare og videreutvikle den nordiske frivillighetstradisjonen med en selvstendig frivillig sektor som viktig pilar i vårt demokrati.

Partene anbefaler organisasjoner på lokalt nivå og de enkelte kommuner og fylkeskommuner<sup>1</sup> til å etablere tilsvarende samarbeidsplattformer.

### o Overordnede prinsipper

- 1. Frivillig sektor er en uavhengig og selvstendig samfunnssektor som plasserer seg mellom næringslivet og offentlig sektor. Frivillig sektor anerkjennes på lik linje med de andre sektorene i samfunnet. Samarbeid og samhandling mellom offentlig og frivillig sektor skal baseres på likeverdig partnerskap, og gjensidig respekt for hverandres roller.**
- 2. Frivillig sektor bidrar med store verdier til samfunnet, er samfunnsbyggende og spiller en viktig rolle i den nordiske demokratiske modellen.**
- 3. Frivillige organisasjoner er viktige for demokratiet ved å være pådrivere og gjennom å være kanaler inn i demokratiet for interessegrupper og engasjerte borgere.**
- 4. Frivillighet øker samfunnets sosiale kapital ved at tillit, identitet og samhold skapes i møter mellom mennesker.**

---

<sup>1</sup> Heretter brukes kommuner om både fylkeskommuner og kommuner.



5. **Mangfoldet i frivillig sektor er en verdi i seg selv og en viktig årsak til høy deltakelse. Mangfoldigheten må ivaretas gjennom ulike typer virkemidler for ulike deler av frivilligheten.**
6. **Offentlig og frivillig sektor har ulike, men komplementære roller i samfunnet. Samarbeidet mellom sektorene må bygge på et prinsipp om at frivillig sektor skal supplere og ikke erstatte offentlige tjenester.**
7. **Det offentlige skal tilrettelegge for en helhetlig frivillighetspolitikk på alle nivåer, som gir grobunn for en aktiv og voksende frivillig sektor.**

○ **Forutsigbare rammevilkår**

1. **KS og Frivillighet Norge er enig om at det er en fordel med mest mulig forutsigbarhet i rammevilkårene til frivillig sektor, og at dette må etterstrebes.**
2. **Offentlig økonomisk støtte skal i størst mulig grad gis i form av frie midler som frivilligheten kan benytte i tråd med egne prioriteringer.**
3. **Det offentlige må søke å redusere byråkratiet i form av kriterier og krav for å utløse støtte til frivillig sektor.**
4. **Frivillig sektor bør høres av kommune som berører de enkelte organisasjoners hjertesaker, og saker som berører vilkårene for organisasjonsdrift.**

○ **Relasjonen mellom frivillig sektor og kommunen**

1. **Frivillig aktivitet skjer først og fremst i et lokalsamfunn, i en kommune. En aktiv og levende frivillig sektor er av grunnleggende betydning for et aktivt og levende lokalsamfunn. Kommunene må tilrettelegge for frivillig sektor, og bør derfor utvikle en egen lokal frivillighetspolitikk.**
  - a. **Kommuner og frivillige organisasjoner på lokalt nivå kan inngå lokale samarbeidsplattformer hvor prinsippene for samarbeid nedfelles.** En slik prinsipperklæring kan være etter mal av denne.
  - b. **En lokal frivillighetspolitikk bør inneholde virkemidler som tilrettelegger for frivilligheten.** Eksempler på virkemidler kan være økonomisk støtte,



infrastruktur/lokaler/møteplasser, kontakt- og informasjonsmuligheter innad i kommunen. Universell utforming må være kriterium for alle virkemidler.

- c. **Det bør utarbeides partnerskap mellom kommuner, frivillige organisasjoner og frivillighets-/nærmiljøsentraler.** Sentralene skal fungere som et koordinerende ledd mellom frivillige organisasjoner, og mellom det frivillige og offentlige. Partnerskap vil sikre dialog og samarbeid mellom partene.
- d. **Kommuner bør ha en arena for kontinuerlig dialog med frivillig sektor.** En slik arena kan være frivillighetsforum/frivillighetsråd, der alle frivillige organisasjoner i kommunen inviteres til å delta.
- e. **Frivillig sektor bør involveres i planprosesser i de saker det er naturlig.**

**2. Frivillig sektor lokalt må ha en aktiv holdning overfor lokaldemokratiet og bidra til utvikling av nærmiljøet.**

○ **Oppfølging av plattformen**

**Det etableres en felles arena i form av jevnlig kontaktmøte mellom Frivillighet Norge og KS, med grunnlag i plattformen. Partene vil her ta opp relevante saker.**

**Innkalling til kontaktmøtene vil gå på omgang mellom partene.**

**Plattformen har en varighet på to år. Partene vil da sammen evaluere og eventuelt revidere en ny plattform.**

Dato: 10.01.2011

Sigrun Vågeng  
KS-direktør

Birgitte Brekke  
generalsekretær Frivillighet Norge